



Bukkebræg! Fenrishyl!

Herder, Wergeland og folkespråkets poetiske ekspressivitet

AV GUNNAR FOSS

Samandrag

Artikkelen har som mål å gjera ein jamførande analyse av to grunnleggande språkfilosofisk skrifter frå dei siste vel 250 åra. Det gjeld Johann Gottfried von Herders *Abhandlung über den Ursprung der Sprache*, 1772, og Henrik Wergelands pamflet *Om norsk Sprogreformation*, 1834. Wergelands pamflett blir rekna som det stiftande grunnlaget for dagens norske skriftmålsformer, både bokmål og nynorsk. Artikkelens påstand er at Herders ekspressive språksyn og historiefilosofi med vekt på verdien av nasjonal eigenart, har sett sitt klare preg både på argumentasjon og språkføring i pamfletten

Nøkkelord: *Wergeland, Johann Gottfred von Herder, folkespråk, ekspressivitet, lyderming.*

Summary

The article aims to make a comparative analysis of two fundamental philosophical writings of language from the last 250 years or so. These are Johann Gottfred von Herder's *Abhandlung über den Ursprung der Sprache*, 1772 and Henrik Wergeland's pamphlet *Om norsk Sprogreformation*, 1834. Wergeland's pamphlet is considered the founding basis for the formation of today's Norwegian written language forms, both Bokmål and Nynorsk. The article claims that Herder's expressive view of language and philosophy of history, with an emphasis on the value of national identity, have left their clear mark on both the argumentation and language use in the pamphlet.

Keywords: *Henrik Wergeland, Herder, vernacular language, expressivity, onomatopoeia.*

Det følgjande skal dreie seg om den tyske 1700-talsfilosofen Johann Gottfried von Herders rolle som inspirerende kraft i danninga av eit norsk skriftspråk i det 19. hundreåret. Denne rolla skal vi studere med blikket retta mot eit av dei kanoniske skrifterne i moderne norsk språkhistorie. Det gjeld Henrik Wergelands pamflet «Om norsk Sprogreformation», skriven i 1832 og planlagt utgitt i J. A. Hielms i 1830–1832 anonymt utgitte *Almindeligt Norsk Maandesskrift*, men dette tidsskriftet gjekk inn før pamfletten var trykkeklar. Så vart den publisert i *Bondevennen* 1835.¹

Det kan elles verke som eit paradoks at Herder over hovud ikkje er nemnt i denne pamfletten. Men den er i alle fall skriven i hans ånd og står i djup gjeld til det herderske tankeuniverset. Dette reiser sjølvstøtt spørsmål om når og korleis Herders idear nådde fram til Wergeland. Trulig las ikkje Wergeland noko av Herder før mot slutten av 1830-talet.² Men han må på eit eller anna vis ha fått god kjennskap til tenkinga hans før den tid. Historielæraren hans på katedralskolen i Kristiania, Albert Lassen (1789–1857), var ein stor beundrar av den tyske filosofen, og har sikkert formidla noen av tankane hans til den historieinteresserte eleven sin. N. F. S. Grundtvig, ofte skildra som ein «dansk Herder»³, kan med si sterke oppvurdering av folkelige kulturuttrykk også ha vore ei inspirasjonskjelde. Boka hans om *Nordens Mythologi* vart utgitt i 1832, same år som Wergeland skreiv pamfletten. Det må også nemnas at idéhistorikaren Paulus Svendsen dreg fram Wergelands oppsummering av historieoppfatninga si i ein artikkel i *For Almuen VII* (1834), og finn der ein slåande likskap med tilsvarende formuleringar i Herders *Ideen*, særleg 15. bok av denne.⁴ Og denne artikkelen vart altså publisert året før «Om norsk Sprogreformation».

I alle fall var Herders idear om språk, historie og nasjonal eigenart til stades som ein mektig åndsimpuls på den unge Wergelands tid.⁵ Herder (1744–1803) blir da også av mange rekna som sjølv den sentrale omdreiingsfigu en i 1700-talets *ekspressive vending*. Dette var ein veritabel antropologisk revolusjon, der opplysningstidas tenking med sitt skarpe skilje mellom ånd og kropp raknar og gir plass for eit antidualistisk syn på den tette samanhengen mellom mennesket, språket og kunsten.⁶ Herders tankar om verdien av nasjonal eigenart, der alle folkeslag

-
1. Henrik Wergeland, «Om norsk Sprogreformation», i: Henrik Wergelands *Skrifter i utvalg*, 1, Kristiania 1897. Sidetal i løpande tekst viser til denne utgåva. Kursiveringane i teksten er Wergelands egne.
 2. O. A. Storsveen, *Henrik Wergelands norske historie. Et bidrag til nasjonalhistoriens mythos*, KULTs skriftserie nr. 80, s. 20.
 3. Ole Vind, *Grundtvigs historiefilosofi*, Gyldendal 1999, s. 66.
 4. Paulus Svendsen, *Gullalderdrøm og utviklingstro*, Gyldendal 1979 (1940), s. 422. (Svendsen viser til J. G. Herder, *Ideen zur Philosophie der Geschichte der Menschheit*, 1784–91.)
 5. Jf. Rune Slagstad, *De nasjonale strateger*, s. 78–85.
 6. Jf. Charles Taylor, «The Expressive Turn», *Sources of the Self. The Making of Modern Identity*,

vart sette på lik line og måtte forstås historisk på sine eigne premiss, innebar ein revolusjon av tenkinga om historie i Europa. Alle folk var like for Gud! Og folkespråket var den samlande formidlaren av den særeigne nasjonale kulturen, av det Herder kalla *folkeånden*. Det er slett ikkje uventa at desse tankane også har sett sitt preg på Wergelands argumetasjon, men etter nærmare 200 år kan det vera vel verdt å studere korleis dette kjem til uttrykk i teksten. Her vil likevel berre noen kjernepunkt i Herders prisoppgave *Abhandlung über den Ursprung der Sprache*, Berlin 1772, bli drege inn i ein jamførande analyse med Wergelands pamflett. Denne jamføringa gjeld dermed to ungdomsverk, begge skrivne av karar i midten av tjuetåra. Språkføringa til begge forfatarane har da også eit klart ungdommelig preg. Herders skrivestil har vore karakterisert som «kaotisk-poetisk»⁷, og den unge Wergeland ligg han ikkje langt etter i dette!

Wergelands pamflett vart også utgitt i det som for ettertida må stå som ein heldig valt retorisk augeblink i nasjonens historie, og dette er ei historie som alle nordmenn stadig får repetert: Som følge av oppgjeret etter Napoleonskrigane vart det dansk-norske dobbeltmonarkiet oppløyst i 1814, og Norge gjekk inn i ein personalunion med Sverige. Landet var klart den veikaste parten i denne unionen. Men det hadde skaffa seg ei forfatning, inspirert av Montesquieu, Rousseau og den amerikanske konstitusjonen, og denne forfatninga var den friaste i Europa på dette tidspunktet. Dette var mange nordmenn med rette stolte av. Den nasjonalistiske retorikken svulma. Men det måtte den gjera på eit *dansk* skriftspråk. Forfatninga var først og fremst eit verk av og for den norske embetsstanden, og dei fleste medlemmane av denne standen opplevde nok det danske skriftspråket som såre naturleg. Det vart omtalt som «Felllessproget», eller også «Modersmaalet», og det vart forvalta ut frå pinlig puristiske prinsipp for å halde norske folkemålsformer ute. Dette var til stor sjenanse forstandens yngre poetar, som ikkje kunne få sine uttrykksbehov oppfylte gjennom eit så strengt administrert dansk.

Den nye staten famla også etter ei samlande nasjonal grunnforteljing. Framfor alt skulle det skapas ein historisk kontinuitet mellom det nye Norge og det gamle, dels ved å gjenopplive ei heroisk fortid bakom dei fi e hundre åra som dansk koloni, dels ved å bygge opp om dei elementa i folket som ein gjekk ut frå hadde gjenlevd alle desse åra med minst mulig skade. Men kunne ein tenkje seg at ein original og sjølvutvikla norsk kulturell eigenart hadde overlevd på tvers av den lange perioden som dansk provins? Og om så var, i kva for former ytra den seg da i samtida? Korleis kunne den danne ei motvekt til det danske kulturhegemoniet?

Cambridge University Press 1989, ss. 368–90.

7. Jf. Vind, op.cit. s. 78.

Slike spørsmål vart heftig debatterte blant unge akademikarar i 1820- og 1830-åra. Enkelte av dei, som P. A. Munch, J. A. Hielm og den unge bondeguten Ivar Aasen, såg optimistisk på dette kulturelle gjenreisingsarbeidet, og dei hadde alle sine ulike modellar for korleis dette burde gjerast. Inspirerte av Rousseau og Herder peikte dei på folket, det vil seie den norske bonden og hans kultur, som ei berande bru frå fortid til notid. Noen av dei tok også til orde for å reise eit eige norsk skriftspråk bygd på folkemålets former.

Men den som med størst kraft hevda slike tankar, var altså den unge teologen og poeten Henrik Wergeland. Med den nemnte pamfletten «Om norsk Sprogreformation» argumenterte han for at den særegne norske stemmen i «Almumaaleet», den norske *ekspressiviteten*, måtte få ein plass i skriftspråket ved at delar av den folkelige norske ords-katten skulle bli integrert i det. Pamfletten vart skriven som eit motsvar til P. A. Munchs artikkel «Norsk Sprogreformation», i *Vidar* 1832, der Munch tok til orde for å gjenoppvekke det gamle norrøne språket som grunnlag for eit nasjonalt norsk skriftspråk.

Fjeldeventyret

Den anonymt publiserte pamfletten er essayistisk i forma og startar med at Wergeland kritisk reaksjonane på Bjerregaard og Thranes syngespel *Fjeldeventyret* (1825), positivt motteke blant nordmenn som eit uttrykk for norsk eigenart og nasjonal seterromantikk (tenk på «Aagots Fjeldsang!»), men latterliggjort blant smaksdommarane i København, fordi noen av replikkane gjer bruk av norske folkemålsformer.⁸ Dette syngespelet representerer frå essayistens synspunkt eit språklig vasskilje i forholdet mellom det danske og det norske. Han ser det som ein symptom på ein overgripande historisk utviklingslov, som han sjølv erklærer seg på parti med: eit politisk sjølvstende må også nødvendig føre til eit vitskaplig og kulturelt sjølvstende. Essayet er polemisk retta mot «vore aandige Formyndere i Danmark» og danskens medløparar innanlands. Dei har ikkje fatta dette store historiske poenget, men vil halde skriftspråket fast i status quo, og stiller seg såleis i ein antitetisk positur til essayistens framtidsvendte synsmåte: «Mod denne Retning, som fremdrives af Kræfter, der er rolige og sterke, netop fordi de er sig *et af den aandelige Verdens Naturlove* foresat Maal bevidste, er det, at Danomaniet opphidser sine» (s. 565). Men dei «Danomane» er ute av takt både med tida og naturlovene. Dei «vil

8. *Fjeldeventyret* vart faktisk sett opp av Opera di Setra i Tyllaldalen i sommar, til stor begeistring og som markering av 200-årsjubileet for stykket, Sjå <https://operadisetra.no/arets-forestilling/>

have vort Skriftsprog *stillestaaende*, og deires argumentasjon synes dermed å høre heime i eit «Nastrondsafslukk ⁹ for rasende og fordømte Grammatikere» (s. 566).

I essayet går denne åndelige verdas naturlov inn i ein enda meir overgripande, temporal samanheng, der historia blir forstått som eit *organisk* fenomen med oppkomst og modning, nedgang og fall, gjenoppbreising og ny vekst. Både den nasjonale historia og utviklinga av det norske språket blir tolka inn i dette treledda mønsteret, med utgangspunkt i ein harmonitilstand i fortida, gjennom eit brott med denne tilstanden, og til ei gjenoppretting i essayistens eiga notid. Slik blir det gamle norske språket skildra som ein leksikalsk overflod av presise uttrykk, og også med ein grammatikalsk rikdom som fullkomment kunne tene tanken ved «Kasusendelserne, Konjunktivet, Vokalforandringer, Tillægsordenes Bøielighed efter Kjønnene, Letheden i Sæmmensætninger, de fine Tankebøininger gennem uadskillelige Smaataledele» (s. 579). Men som eit resultat av forfallet og «den lange Trældom» under «det danske Aag», er det smertelig likt til at «dette og mer til skal være tabte Klenodier» (ibid.). I staden har landet, etter at Norge liksom Israel har vore 400 år i egyptisk fangenskap, fått eit skriftspråk som ikkje hører heime i landet sjølv, men «i vort gamle Ægypten og paa dets Slætter mellem det trældende Folk» (s. 574). Men essayisten står ved eit tidsskifte, og han ser kimane til ein ny språklig orden med eit dynamisk skriftspråk som opnar seg mot «Almumaaleet». I samtida blomstrar det fram ein frisk og ungdommelig litteratur som vågar å ta den norske ordskatten i bruk; og den anonyme forfattaren peikar nokså ubeskjeden på at ikkje minst «Henr. Wergelands Skrifter» (s. 570) viser mange gode døme på dette! Optimismen melder seg, nærmast med ei naturlovs kraft, «thi baade har den dybtgrundede Nødvendighed vist, at vor Sprogfønix maa igjen faa mange af sine deilige Fjædre» (s. 585), og dessuten viser eksempel frå utlandet at slikt er mulig, ikkje minst utviklinga av tysk som litteraturspråk i siste halvparten av 1700-talet. Som konklusjon på denne historiske traden formulerer han derfor ein profeti om oppkomsten av eit sjølvstendig norsk skriftspråk: «Dette *maa Tiden af sig selv afføde*, før Aarhundredet nedrødmer, og *saa meget snarere som Kræfterne derfor forenes*» (s. 584).

Tida *føder* altså språket, av seg sjølv, nærmast som eit resultat av ein indre tvang. Tanken synes å implisere ei forestilling om ei framtidig tidsånd som vil skapa eit politisk og kulturelt klima for fødsel av denne typen. Men ein kan også forstå den som ei forestilling om at språket så å seie føder seg sjølv når tida er inne for dette;

9. Nastrandsavlukke: etter likstranda i norrøn mytologi, ein pinefull stad i Hel for dei som har gjort grove brotsverk. (I vår tid er *Nastrand* også namnet på eit svensk svartmetall-band!) Jf. også uttrykket *nåbleik*.

at det tvingar seg fram fordi det utviklar seg som ein levande vekst etter sine egne indre prinsipp.

Et herligt, Nationer bedækkende Træ

Metaforisk blir språket skildra som eit tre med rot og stamme og mange greiner, veksande og bortdøyande alt etter som dei er i harmoni med klima og jordsmonn og får høvelig pleie. Denne forestillinga om historia og språket som sjølvutviklande dynamiske organismar er den gjennomgåande forståingsmodellen i essayet.¹⁰ Slike organiske grunngivingar sett også essayistens «Sprogreformation» inn i ein meiningsfull teleologi, der ein både har historia og naturlovene med seg som allierte krefter på vegen mot oppfyllinga av framtids mål. Samtidig kan denne organistiske metaforen i ein polemisk situasjon også vera eit sær effektivt grep for å fremme eit verdiperspektiv, for eksempel ved å utnytte skilnaden levande/død i dei antitetiske motsetningane mellom det egne og det andre.

Slik blir den norske nasjonallitteraturen skildra som ein « fremblomstrende » vegetabilsk organisme « med al den friske Ungdoms Kjendemerker » (s. 564), og dei « ureine » norske ord i skriftspråket (især altså i Wergelands eige!) vatnar og gjødslar dette slik at det « syntes mer og mer at udgrene sig saaledes, at den frodigere Gren bøiede sig over Norge, medens den anden spredte sin Armod og sine Podekviste over Danevangens vidtberømte Bøge » (ibid.). Men tremetaforen er ikkje motivert ut frå polemiske formål. Treet er som Edda-diktingas Yggdrasil; det er verdsomspennande. Derfor må stammen « ikke alene staa der senet og knudret, men formet af talløse Grene, Kviste, Blommer og Blade til et herligt, Nationer bedækkende Træ » (s. 571). Og treets universelle eigenskapar, som uttrykk for sjølv livets prinsipp, viser seg også i dei enkelte delane. Kvar grein er unik og vitnar om treets mangfald og rikdom. Derfor er det ingen tragedie at norsk og dansk skil lag, heller tvert imot: « *Forgrening er ikke Adskillelse*, men Frugtbarhed og Rodstyrke » (s. 581).

Ei grein som derimot mistar kontakten med den jorda som skal nære den, det levande talte språket, slik tilfellet er med eit dansk skriftspråk når det blir omplanta frå dansk til norsk jord, vil snart få karakter av å vera eit stivna, nærmast dødt språk. Særlig raskt vil dette skje når skriftspråket også blir sett i ein slags karantenetilstand og beskytta mot det som skulle vera det livgivande på den nye voksterplassen, fordi særnorske ord og ordformer blir sett på som ureine, vulgære og

10. Det fritt veksande treet var også Herders yndlingsmetafor for verdshistoria, jf. Vind, op.cit., 70.

stilistisk skjemmaende *norvagismar* når dei forekjem i skriftlig fasong. Men språket er ikkje noko fikse t, ferdigstilt verk. I motsetning til dei «rasende Grammatikere» som vil ha språket stilleståande, som ein «Gave fra Danmark», ser essayisten på språket som eit dynamisk fenomen i stadig utvikling. Den norske embetsstandens engstelig-autoritære og strengt formalistiske forvaltning av det danske skriftspråket representerer eit språksyn som vel til nød kan vera godt nok til å administrere eit språklig apparat til bruk for banal husdikting og triviell kommunikasjon, men konfrontert med den *ekte* poetens ekspressive behov kjem dette apparatet til kort:

For vore danskrasendes *snevre* Tankegang kan dette Sprog, der forlængst har opdisket al sin Armod, vel være nok, og dets trange Skranker vide nok til at tøile usle og spage Pegaser i, [...] men *for norske Forfattere af nogen Særegenhed* og især for Digteren er det paa engang en *Nødvendighed og hans Hang til Frihed, som driver ham til at nærme sig det Sprog, som Folket taler.* (s. 566)

Det er ikkje heilt liketil å få presist fatt i kva essayisten her meiner med «*Nødvendighed*». Den kan vera ein funksjon av den historiske naturlova han elles påberopar seg, og slik sett ei ytre, objektiv drivkraft. Men den kan også bli oppfatta som ein subjektivt opplevd og tvingande indre trong til å vera på line med seg sjølv som språkvesen. Da blir den eit organisk prinsipp, ei naturkraft, så å seie, som verkar i individet, nærmast som ein kim som kjem til utfolding og krev fri bane for sitt eige uttrykk. *Frihed* er i dette tilfellet vanskelig å forstå som anna enn eit prinsipp om individuell autonomi og rett til å gjera frie val. «*Nødvendighed*» og «*Hang til Frihed*» kan slik sett bli oppfatta som nokså inkommensurable prinsipp, som det ikkje er heilt greitt å sette i forhold til kvarandre, men her går dei altså i spann, som eit dobbelt tildriv av både push- og pulleffekta. Men denne dobbeltheita kan også skrivas inn i det grunnleggande paradokset i romantikkens tenking om mennesket. Ein søkte å realisere seg som ekspressivt vesen, som ein «Naturens Søn», og samtidig også som eit fritt, fornuftig tenkande og moralsk autonomt vesen. Den moralske autonomien oppfordrar til styring av dei reint naturlige tildriva. Men ettersom mennesket jo også er eit naturvesen, må ei fridomsoppfatning som utelukkar og motsett seg det naturlige tildrivet vera ufullstendig. Naturen og fridommen var såleis samanbundne, men samtidig også motsetningsfulle fenomen. Dei eksisterer som komplementærfigura, disparate, men samanhørande, i eit slags dialektisk forhold der polane ikkje let seg oppløyse i kvarandre.

Så insisterer da også den ekspressive Wergeland på sin moralske dyd som eit fornuftig og autonomt vesen. Han er slett ingen tilhengar av fullstendig fri flyt av

folkelige norske ord og uttrykksmåtar. Ved sida av det ekspressive naudsynet, som altså stort sett stemmer overeins med *hangen* til fridom, eksisterer det ein reell val-situasjon som utfordrar poetens moralske autonomi. Når han nærmar seg «det Sprog som Folket taler», står han overfor det forholdet at det på same vis som det fins gode og «gagnlige» ord, også fins dårlige og «uduelige». Orda må i alle fall bli gjenstand for ei vurdering av den kunstnaren som bruker dei, og her taler essayisten som god kantianar, det gjeld den estetiske dømmekrafta: «Hans Skjønnsans siger ham, *hvorledes* denne Nærmelse kan og bør ske. Og *alene herved* er det, at han eller den *Maade*, han i saa Henseende gaar frem paa, kan komme under Enkeltmands Dom; thi han kan deri siges at have betraadt Smagens Rige, hvor hen Formerne hører.» (s. 566) Men dømmekrafta må reguleras av den allmenne fornufta, som må «billige, hvad der er grundet i den selv», og til desse opphavlige drag ved ånda hører også ei forestilling om det vi kan kalle «den gode form»: «*Hanget til at vælge de Udtryk, som bekvemmost og friest gjengiver og meddeler Tankerne*» (ibid.). Dermed dreg den individuelle dømmekrafta og «den almene Fornuft» i same retning. Både dei subjektive og dei objektive omsyna blir foreinte, og det særlege blir tenkt som ein del av det allmenne:

Saaledes sker det da med den almene *Fornufts Sanction*, at Tanken, naar den ligesom stanser under et Aandsvirke, fordi den finder det Udtryk, det gjængse Skriftsprog tilbyder den, for snævert eller for rummeligt, forskyder dette og *efter Valg* ifører sig det Ord i Folkets Talesprog, som baade udtrykker den bestemttest [...] og er temmelig almindelig bekjent, og lader Tanken med største Bekvemhed bevæge sig. (ibid.)

Til ytterligare hjelp mot dei altfor vulgære formene vil Wergeland utnytte *det positive i det negative*. Dei danskrasandes motstand kan også ha sine gode sider. Eit sjølvstendig utvikla språk vil heilt sikkert koste «en literær Borgerkrig», for motkjemparane vil neppe la fedrelandet gjennvinne dette «sit Odelsklenod» for mindre. Men dei lettaste sigrar er ikkje dei beste «thi *Modstrævernes Kontrol skal afskrække fra at overhøje Skriftsproget med Strømme af uduelige Ord*, paa samme Tid som den tetteste Haarsil *ikke skal kunde hindre de gagnlige fra at passere, netop fordi de er af et ætherisk, aandigt Væsen*» (s. 585).

Herderske impulsar

Det er ikkje vanskelig å kjenne igjen ekko av Herders ekspressive språksyn i slike

resonnement. Når ordet er forsynt med eit «ætherisk, aandigt Væsen», kan språket vanskelig bli forstått som eit reint kommunikasjonsmiddel. Språkbruk er ikkje berre eit spørsmål om å finne uttrykk som kan gi tanken ei presis form. Viktigare er det å forstå at det språklige uttrykket nettopp er *uttrykk*, for mennesket som åndsvesen, og for den evna språket har til å sette i gang poetiske prosessar og generere nye tankar: «Da er et Ord først levende og døbt i Aand, naar det rører Indbildningskraften» (s. 584).

Mens Rousseau fann språkets opphav i «naturens skrik» («le cri de la nature»), oppfatta Herder språket heilt igjennom som eit produkt av den menneskelige refleksjonen. Rousseau gjer mennesket til dyr, hevdar Herder.¹¹ Men berre menneska har språk. Naturens skrik vart først språk når mennesket hadde prega det med si ånd og gjort det til kjenneteikn på den skrikande naturen. Men denne refleksjonen kunne og måtte mennesket gjera nettopp fordi det ikkje er dyr, og fordi det manglar dyras perfekte sanseapparat og instinktbestemte forhold til naturen omkring. Derimot er det eit fornuftsvesen, med ein produktiv og intensjonsbestemt mental energi, og med ei bakgrunnsforståing som sett det i stand til å skjelne ein gjenstand frå omgivnadene:

Mennesket viser refleksjon når dets sjelekraft virker så fritt at den i hele det fornemmelsesens hav som bruser gjennom den i alle sanser, kan – om jeg må si – utskille en bølge som den kan holde på, rette oppmerksomheten mot og være seg denne oppmerksomhet bevisst. Mennesket viser refleksjon når det av bildenes svevende drøm, som seiler forbi dets sanser, i et øyeblikks våkenhet kan samle seg til å dvele frivillig ved ett enkelt bilde, konsentrere oppmerksomheten om det klart og rolig og utskille kjennetegn på at dette og intet annet er gjenstanden.¹²

Herders kroneksempel på denne medvetne og gjenstandsretta sjelekrafta er menneskets møte med den brekande sauene:

11. Johann Gottfried Herder, *Om sprogets opprinnelse*, Oslo 1992, s. 54.

12. Ibid., s. 63. (Der Mensch beweiset Reflexion, wenn sie Kraft seiner Seele so frei würket, dass sie in dem ganzen Ozean von Empfindungen, der sie du ch alle Sinnen durchrauscht, eine Welle, wenn ich so sagen darf, absondern, sie anhalten, die Aufmerksamkeit auf sie richten und sich bewu sst sein kann, dass sie aufmerke. Er beweiset Reflexion, wenn er aus dem ganzen schwebenden Traum der Bilder, die seine Sinne vorbeistreichen, sich in ein Moment des Wachens sammeln, auf einem Bilde freiwillig verweilen, es in helle ruhigere Obacht nehmen und sich Merkmale absondern kann, dass dies der Gegenstand und kein anderer sei. J. G. Herder, *Abhandlung über den Ursprung der Sprache*, Reclam Stuttgart 1966, s. 32)

Ta for eksempel fåret. Som på et stort naturmaleri svever det foran øyet med alle gjenstander, bilder og farver. – Det er så meget å skjelne mellom og så møysommelig! Alle kjennetegn er fint infilt et i og står ved siden av hverandre, ennå er alle uutsigelige! Hvem kan tale om at skikkelser trer frem og farver toner? Mennesket legger en famlende hånd på fåret, den følelsen er sikrere og fullere. Men inntrykket er så fullt, så dunkelt sammensatt at ingen kan si hva han berører. Men hør! Fåret breker! Av seg selv løsriver et kjennetegn fra farvebildets lerret, hvor så lite kunne skjernes med synet. Det har trengt dypt og tydelig inn i sjelen. 'Ha!' sier den umyndige lærling [...] 'nå vil jeg kunne gjenkjenne deg, du breker!'¹³

I dette møtet mellom gjenstandens eigen stemme og den menneskelige refleksjone meiner Herder at språket oppstår, nettopp ved at breket så å seie blir «døbt i Aand»:

Også om mennesket aldri kom i den situasjon at det skulle gi denne idéen til et annet vesen, altså aldri verken ville eller kunne efterligne besinnelsens kjennetegn, brekingen, med leppene for dette vesen, så har dets sjel så å si brekt i sitt indre da den valgte denne klang som erindringstegn og brekt på nytt ved gjenkjennelsen. – Sproget er oppfunnet!¹⁴

Men dette kan også berre skje fordi språket alltid allereie er der: Herders menneske er ein lyttande, observerande skapning med naturgitte anlegg for språk; hans menneskenatur er tvers igjennom ein «språkvev». Derfor er også hørsla den viktigaste av sansane. Berre gjennom den kan mennesket ta imot lærdom av «naturens språk»,

13. Ibid., s. 73 f. (Da ist z. E. das Schaf. Als Bild schwebet es dem Auge mit allen Gegenständen, Bildern und Farben auf einer großen Naturtafel vor – wie viel, wie mühsam zu unterscheiden! Alle Merkmale sind fein verflochten, nebeneinander – alle noch unaussprechlich! Wer kann Gestalt reden? Wer kann Farben tönen? Er nimmt das Schaf unter seine tastende Hand – das Gefühl ist sicherer und voller, aber so voll, so dunkel ineinander. Wer kann, was er fühlt, sagen? Aber horch! Das Schaf *blöket*! Da reißt sich ein Merkmal von der Leinwand des Farbenbildes, worin so wenig zu unterschieden war, von selbst los, ist tief und deutlich in die Seele gedrungen „Ha!“ sagt der lernende Unmündige [...] „nun werde ich dich wiederkennen – du blökst!“ Ibid., s. 44)

14. Ibid., s. 65. (Käme es also auch nie in den Fall, einem anderen Geschöpf diese Idee zu geben, und also dies Merkmal der Besinnung ihm mit den Lippen vorblöken zu wollen oder zu können, seine Seele hat gleichsam in ihren Inwendigen geblökt, da sie diesen Schall zum Erinnerungszeichen wählte, und wiedergeblökt, da sie ihn daran erkannte – *die Sprache ist erfunden! ebenso natürlich und dem Menschen notwendig erfunden, als der Mensch ein Mensch war.* Ibid., s. 33–34)

og uten den kan det heller ikkje finne opp språket. Slik sett er hørsla «på en viss måte midtsansen, den egentlige dør til sjelen og forbindelsesledd for de øvrige sanser.¹⁵ Synsinntrykka forvirrar, og dei taktile sansane kjem for nært innpå gjenstanden. Berre øyret er i stand til å utskille klare merke frå gjenstanden, nemlig dei merka som kjem frå gjenstanden sjølv: «Fornuft og sprog tok i fellesskap et frykt-somt skritt, og naturen kom dem i møte på halvveien – gjennom hørselen. Naturen satte ikke bare tone til kjennetegnet utenifra, men preget det dypt inn i sjelen! Det klang! Sjelen snappet opp tonen – og fikk et tonende ord!¹⁶ Høresansen er også den sansen som klarast ordnar inntrykka etter ein tidsprogresjon. Denne lydlege lineariteten er grunnlaget for analytisk verksemd og for tenking over hovud, og slik blir øyret det viktigaste organet for menneskelig utvikling og for humaniseringa av mennesket.¹⁷

Onomatopoeie

Men denne «midtsansen» disponerer også naturleg nok for ei skjerpa merksemd ikkje berre overfor «den belærende naturs sprog», men også overfor resonansen av naturens tonar i menneskespråket:

Når trærnes blader rasler kjølig ned over den stakkars ensomme, når bekken som risler forbi, vugger ham i søvn og den susende vestenvind svaler hans kinn, når det brekende får gir ham melk, den sprudlende kilde vann, det raslende tre frukt, da er trangen stor nok til å kjenne de velgjørende vesener, behovet stort nok til å navngi dem i sin sjel, uten øye og tunge. Treet kommer til å hete ‘rasleren’, vestenvinden ‘suseren’, kilden ‘sprudleren’. Her ligger allerede en liten ordbok ferdig og venter på sprogorganenes pregning.¹⁸

15. Ibid., s. 83. (*„So ist Gehör auf gewisse Weise der mittlere seiner Sinne, die eigentliche Tür zur Seele und das Verbindungsband der übrigen Sinne geworden.“* Ibid., s. 57)

16. Ibid., s. 74. (Vernunft und Sprache taten gemeinschaftlich einen furchtsamen Schritt, und die Natur kam ihnen auf halben Wege entgegen – durchs Gehör. Sie tönte das Merkmal nicht bloß vor, sondern tief in die Seele hinein! Es klang! Die Seele haschte – da hat sie ein tönendes Wort! Ibid., s. 45)

17. Ibid., s. 84–87; jf. her også Jürgen Trabant, *Traditionen Humboldts*, Frankfurt am Main, 1990, s. 176: «Herders Wiederentdeckung des Ohres kündigt nichts weniger als eine philosophische Wende an, sofern sie der entscheidende erste Schritt von einer traditionell okularen, visuellen (und solipsistischen) Erkenntnistheorie zu einer aurikularen und auditiven – akroamatischen –, schließlich sprachlich-dialogischen Erkenntnistheorie ist.»

18. Ibid., s. 74. (Wenn die Blätter des Baumes dem armen Einsamen Kühlung herabrauschen, wenn der vorbeimurmelnende Bach ihn in den Schlaf wieget und hinzusäuselnde West seine Wangen fächelt – das blökende Schaf gibt ihm Milch, die rieselnde Quelle Wasser, der

Herder er alltid påpasselig med å understreke at menneskespråket ikkje oppstår av naturens skrik i seg sjølv, men av den menneskelige konstitueringa av desse skrika som *kjenneteikn*: «Det første ordforråd var altså samlet av all verdens lyder. Fra hvert tonende vesen klang dets navn. Menneskesjelen preget sitt bilde på det og tenkte lydene som kjennetegn.»¹⁹ Og i desse tonande orda, og deires materielle, reint lydlige eigenskapar, finn erder også poesien opphav:

For hva var dette første sprog annet enn en samling poesielementer? Efterligning av den tonende, handlende, seg selv bevægende natur! Utvunnet at alle veseners intereksjoner og belivet av menneskefønnemmens intereksjoner! Alle skapningers natursprog omdiktet av forstand til lyd, til bilder av handling, lidenskap og levende påvirkning! Et sjelens ordforråd som samtidig både er mytologi og et vidunderlig epos om alle veseners handlinger og tale. Altså en vedvarende fabeldiktning full av lidenskap og interesse! – Hva annet er poesi?²⁰

På same måte som Herder kretsar også Wergelands essay omkring den hørbare materialiteten i språket. Som den lydvare poet han er, er han fascinert av det onomatopoetiske ved orda, slik dette er eit hermande uttrykk for gjenstandens vesen. I sine refleksjonar over dette, kjem han også nær ei teoretisering omkring språkets opphav:

Det lydbetegnende Ord er i sig selv poetisk: enkelt som det står der, har det allerede begynt at gjengive det Begreb, som lever i dets Sjæl; men det gjengiver dette omtrent som Fuglen sin Livsfølelse gennem evige Gjentakelser af sine Triller. [...] Disse Ord er ogsaa Kjernen og Margen i ethvert Sprog; [...] Sprogene be-

rauschende Baum Früchte – Interesse gnug, die wohlthätigen Wesen zu *kennen*, Dringnis gnug, ohne Augen und Zunge in seiner Seele sie zu *nennen*. Der Baum wird der Rauscher, der West Säusler, die Quelle Riesler heißen. – Da liegt ein kleines Wörterbuch fertig und wartet auf das Gepräge der Sprachorgane. Ibid., s. 45)

19. Ibid., s. 76. (Das erste Wörterbuch war also aus den Lauten aller Welt gesammelt. Von jedem tönenden Wesen klang sein Name: Die menschliche Seele prägte sein Bild drauf, dachte sie als Merkzeichen [...]) Ibid., s. 47)
20. Ibid., s. 78 (Denn was war *diese erste Sprache als eine Sammlung von Elementen der Poesie?* Nachahmung der tönenden, handelnden, sich regenden Natur! Aus den Interjektionen aller Wesen genommen und von Interjektionen menschlicher Empfindung belebet! Die Natursprache aller Geschöpfe vom Verstande in Laute gedichtet, in Bilder von Handlung, Leidenschaft und lebender Einwirkung! Ein Wörterbuch der Seele, was zugleich Mythologie und eine wunderbare Epöee von den Handlungen und Reden aller Wesen ist! Also eine beständige Fabeldichtung mit Leidenschaft und Interesse! – Was ist Poesie anders? Ibid., s. 50–51)

gyndte kun med Forsøg paa ved Lyden mer at *skildre* end blot at *benævne* Gjenstandene; men *derfor tillader Sprogens Udvikling ikke mennesket at lukke sit Øre for disse Grundtoner*, der nettopp udtrykker klarest, hvad der er alle Tiders Mennesker nærmest, og som derfor fremkaldte *dem* først, nemlig Naturgjenstanden, Sindsbevægelserne og Drifterne. (s. 570 f.)

Det er ikkje tvil om at desse orda rører essayistens «Indbildningskraft». Men har han ei forståing av dei som gjer at dei samtidig også er «døbt i Aand»? Passasjen er litt tvitydig på dette punktet, fordi det menneskelige subjektet blir nedbetont. Hos Herder er det, som vi såg, tale om det onomatopoietiske som «alle veseners intereksjoner og belivet av menneskeførmelsens intereksjoner! Alle skapningers natur-sprog omdiktet av forstand til lyd, til bilder av handling, lidenskap og levende påvirkning». I tillegg til å vera uhyre ekspressivt i seg sjølv, lyser dette utsagnet også av skapingas ekspressive dialektikk: det som gjer onomatopoietika til språk, er ikkje naturlyden i seg sjølv, men den menneskelige omdiktinga av den. Hos Wergeland er det derimot snakk om ei oppfatning av dei lydhermande orda som framleis i det vesentlige let dei bli verande naturlydar; dei gjengir gjenstandens eigen ekspressivitet «omtrent som Fuglen sin Livsfølelse gjennom evige Gjentakelser af sine Triller.» Og for det andre, hans påstand om språkets opphav blir ein repetisjon av teorien om «le cri de la nature», og plasserer han teoretisk nærmare Rousseau enn Herder i dette stykket: «Sprogene begyndte kun med Forsøg paa ved Lyden mer at *skildre* end blot at *benævne* Gjenstandene». Dette er eit synspunkt Herder har liten sans for: «Man har akseptert det prinsipp å efterligne naturen og dens lyder. Som om det kunne ha oppstått tanker av en slik blind efterligning!»²¹

Det ser derfor ut som at dette herderske kjernepoengtet ikkje er fatta like godt i denne passasjen som i andre delar av essayet, der åndens omskapande verksemd blir klarare betont. På ein måte kan det verke som at Wergeland ikkje klarer å halde fast på, eller gjera tydelige nok, sine perspektiv frå andre delar av essayet, som understrekar ordets «eteriske, åndige vesen». Ein må vedgå at dette gjer teksten lett tvitydig, teoretisk sett. Men ein skal også vedgå at slektskapet med Herder er tydelig til stades når han reflekterte vidare over dei lydhermande orda, og i dei finn eit samlande uttrykk både for det som er særlege for det enkelte språket og for det som er universelt gjeldande for alle språk:

21. Ibid., s. 65. (Man hat ein Principium angenommen, die Natur und also auch ihre Schälle nachzuahmen; als wenn sich bei einer solche blinden Neigung was gedenken ließe [...] Ibid., s. 34)

Har Benævnelser heraf end ligesaa lidt udvortes Lighed med hinanden i aldeles forskjellige Sprog, saa skal dog ofte en indvortes Lighed, den samme *Stræben efter Lydbetegnelse* være umiskjendelig. Tages Hensyn til et Folks og Lands særegne Beskaffenhed, saa skal det vel tykkes os, som om deslige Ord ikke vilde kunne lyde annerledes der, men tillige som om samme Satser var fle e Folkeslag til Bearbejdelse dikterede ut af et Sprog. (s. 571 f.)

På dette viset er det onomatopoietiske «dybtgrundet i Sprogene og paa engang deres Overensstemmede og Skilnende indbyrdes» (s. 572). Derfor er det, meiner han, «at *lydbetegnende Ord vender først tilbake hos os for at fortrænge uduelige og fremmede eller stille sig andre ved Siden.*» (ibid.). Eit av Wergelands mange dømme på slik rivalitet ord i mellom, er motsetninga mellom det danske «Vandfald» og det norske «Foss»:

Nordmanden er vel oplært til at sige og skrive 'Vandfald', f. Eks. om Sarpen; men, uden at forstøde dette Ord, siger han heller «Foss»; thi deri synes han bedre baade at se og høre Skummet, Spruten og det ilsomme. Norges Fosser ved han er ikke dette matte plaskende Fald fra et Undergangshjul. Han læres til at sige «Vandfaldets Brag eller Allarm»; men han siger heller «Fossens *Dur*, Fossen *durer* »; i «*Fosseduret*» hører *han* det bedre. (s. 575)

Her er han igjen på høgde med Herder, rett og slett fordi *nordmannen* er innført som subjekt, og fordi Sarpefossens naturspråk er «omdiktet av forstand til lyd, til bilder av handling, lidenskap og levende påvirkning». Og dermed kan Wergeland også formidle ein herdersk sans for det situasjonsavhengige: Naturen blir verken etterlikna eller skildra etter abstrakte prinsipp, men nettopp gjennom ein konkret forankra, sanselig og kroppslig reaksjonsmåte, determinert både av den omgivande naturen og det eigne kulturfellesskapet – og distinkt ulik andre mulige måtar å oppleve på. Tenking og livsform hører intimt i hop; fornuftas former er situasjonsbestemte, ekspressive uttrykk for den eineståande livssituasjonen til det enkelte menneskelige fellesskapet.

Wergeland! Herder!

For Wergeland er det retten til det nasjonalt særegne uttrykket som står på spell. Det handlar om å skapa ein balanse mellom klima, jordsmonn, nasjonalkarakter og språklig uttrykk, for det gjeld som ei naturlov at «*Landets Karakter præger sig i Folkets; dettes i Sproget*» (s. 574). Og Norge kan ikkje halde fram med å vera eit historisk og filosofisk paradoks mellom nasjonane

Historien, Alstyrelsen igjennem den, skal ikke opphæve sine Love og gjøre Norge til en Undtagelse imellem Landene. Thier den Bemærkning rigtig, at man synes at kunne kræve af et Folks *hele Sprog, at det skal gjengive os igjennem Øret noget lignende det Helbegreb*, vi igjennem Øiet og Granskningen har samlet os om Folket og Landet – da fornemmer vi i *vort* nuværende Skriftsprog langtfra denne store Onomatopoeise saa tydeligen som *Folkets og Landets skarpe Karakter for-tjener*. Men i *Almumaalet* hører vi den; vi finder der *vort* Norge og den Natur, der fostrede os op (men mon for at falde i fremmede Hænder?). (s. 573)

På same måte som Herders umyndige lærling gjenkjenner lammet som «den brekande», fordi breket kjem frå det indre av dyret, og derfor er eit uttrykk for sauens eige vesen, gjenkjenner Henrik Wergeland Norge i «Almumaalets» onomatopoietiske ekspressivitet; gjennom den tonar nasjonens indre med ein stemme i fritt og musikalsk løp, og i kvart av sine minste ord gjengir denne stemmen eit «Helbegreb» om folket og landet. Hos Wergeland «brekar» det gjenkjennande frå alle fjell! Men når språket brekar sin nasjonale særart, konstituerer det samtidig eit språkfellesskap og sett ei grense mellom dei som er innafør og dei som er utafor, mellom innvigde og uinnvigde. Breket er ein *sjibboleth*, som deler skarpt mellom dei som berre hører breket som brek, og dei som gjenkjenner og tek det til seg som eit uttrykk for sin eigen språklige ekspressivitet: «Det er *med en Trangs Ubetvingelighed*, at Ord, der hører hjemme i Landets Natur, ordner sig i Spalterne og i Kvadene forat tiltale norske Øren og norske Hjerter, medens de kun skurrer i fordomsfulde danske og fordanskede» (s. 565). Og som det norske for Wergeland brekar musikalsk i Almumålets ord, må det også kunne seias at Herders ånd brekar i Wergelands tekst, og ikkje berre i argumentasjonen – essayet er herders Sturm und Drang-inspirert like ned til den ekspressive bruken av skiljeteikna: «og medens nogle, naar de hører et norsk Ord af Almumaalet, med en Slags behagelig Vemod lytter til det som overraskede i et fremmed Land af en fjern Lurs hjemlige Toner, saa raaber disse Fiender: Bukkebræg! Raat, norsk Bukkebræg Fenrishyl!» (ibid.)²²

Snart 200 år etter dette sukket, er Wergelands visjon om eit sjølvstendig norsk skriftspråk oppfylt til overmål; faktisk har landet i drygt 170 av desse åra hatt ikkje mindre enn *to* målformer til skriftlig bruk, begge etter kvart med god plass for den

22. Asbjørn Aarnes har gitt ei god skildring av denne stilen i ei samanlikning mellom dei to: «Det er noe entusiastisk ekspressivt i stilen [...] Herder og Wergeland rammes likesom av stjernesjudd underveis... Snart raver de, snart skrider de et skritt frem, et til siden, to tilbake. Det er ikke fremdriften mot målet som fascinerer, men sprangene, vågestykkene i det vertikale plan, klatringen i himmelstigen...» *Om sprogets opprinnelse*, s. 178.

ekspressiviteten som blir etterlyst i hans pamflett «Om norsk Sprogreformation». For ettertida har dette essayet på mange måtar hatt funksjon av å vera den stiftande gnisten til norsk språkreising. Og Henrik Wergeland har vorte rekna som åndelig far for begge dei rivaliserande retningane i norsk språkstrid, både for dei som ville reise eit nynorsk skriftspråk på grunnlag av folkemålets former, og for dei som gradvis ville reformere det danske skriftspråket i retning av «de dannedes dagligtale». Men underlig nok, for dei av Wergelands åndelige arvingar som framleis stiller seg merksamtt lyttande til ein særnorsk ekspressivitet, er påstandar om fenishyl og breking heller ikkje ukjent kost i vår tid. Eller, som det berre for eit par tiår sidan heitte i ein publikasjon frå ei ungpolitisk gruppe i hovudstaden: «La dem raute på nynorsk, bare vi slipper!»²³ I slike sjeler har nok både fornuft og språk i fellesskap framleis eit par fryktsame steg å ta før breket kan tone som ord!

Litteratur

- Grundtvig, N. F. S. (1832) 1870. *Nordens Mythologi*. København: Schubothe.
- Herder, Johann Gottfried (1772) 1992. *Om sprogets opprinnelse*. Oslo: Aschehoug.
- Herder, Johann Gottfried. 1966. *Abhandlung über den Ursprung der Sprache*. Stuttgart: Reclam.
- Herder, Johann Gottfried. 1784–91. *Ideen zur Philosophie der Geschichte der Menschheit*.
- Hyvik, Jens Johan. 2009. *Språk og nasjon 1739–1868*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Slagstad, Rune. 1998. *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Storsveen, Odd Arvid. 1997. *Henrik Wergelands norske historie. Et bidrag til nasjonalhistoriens mytos*, KULTs skriftserie nr. 80.
- Svendsen, Paulus (1940) 1979. *Gullalderdrøm og utviklingstro*. Oslo: Gyldendal.
- Taylor, Charles. 1989. *Sources of the Self. The Making of Modern Identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Trabant, Jürgen. 1990. *Traditionen Humboldts*. Frankfurt am Main: Suhrkamp.
- Vind, Ole. 1999. *Grundtvigs historiefilosofi*. København: Gyldendal.
- Wergeland, Henrik. 1897. «Om norsk Sprogreformation». I *Skrifter i Udvalg. Folkeskrifter og Blandede Skrifter*. Kristiansund: Tvedte.
- Aarnes, Asbjørn. 1992. «Efterord». I Herder *Om sprogets opprinnelse*. Oslo: Aschehoug.

23. Slagord i brosjyre utgitt av Oslo Unge Høyre våren 2000, retta mot sidemålsundervisninga i skolen.